

Retningslinjer for støtte til gjødsellager 2019

Prioritering av tiltak

På gardsbruk med mindre enn 10 måneders gjødsellagerkapasitet, kan det løyvast tilskot til bygging av gjødsellager med fast toppdekke eller minimum 10 måneders lagringskapasitet, inkludert kapasitet til regnvatn.

Søknadsfrist

Det er ingen søknadsfrist.

Godkjende kostnader

Følgjande kostnader kan godkjennast: Frittstående gjødsellager og tilbygg til eksisterande gjødsellager. Kostnader knytt til tappeplass og fastmontert tappekran.

Kostnader som ikkje blir godkjent:

Slanger og pumper.

Oppføring av tak på eksisterande gjødsellager.

Krav til prosjektet

Lageret skal innfri krav om lagring av gjødsel i Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav, del III, kapittel 6: [Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav. Del III. Kap 6. Krav til lagring.](#)

Landbruksføretaket skal ha **minst 10 måneders** lagerkapasitet etter at prosjektet er gjennomført.

I tillegg blir det krevd følgjande:

- Rundt lageret skal det vere drenering med inspeksjonskum for kontroll av mogelege lekkasjar.
- Tappekran skal ha dobbelt og låsbar sikring.
- Luker skal vere sikra med lås.
- Tappeplass må vere utforma slik at ein unngår ureining.
- Lager, portar og utstyr skal vere godkjend i høve Norsk Standard/andre godkjenningsordningar.

- Ved bygging av gjødsellager på leigd areal, må leigeavtalen vere på minimum 10 år.

Dersom det blir bygd husdyrrom på gjødsellageret, skal kapasiteten dekkje framtidig potensielt produksjonsomfang. I slike tilfelle kan investeringstilskot bli vurdert til heile investeringa.

Byggjeløyve til oppføring av gjødsellager må vere gitt av kommunen før innsending av søknad om støtte, til Innovasjon Norge.

Eigeninnsats

Inntil kr 350,- per time for manuelt arbeid og inntil kr 800,- pr time for eigen maskin, traktor eller gravemaskin med fører kan godkjennast i timesats for eige arbeid. **Det er kun eigeninnsats til søkjar/støttemottakar og evt. ektefelle/sambuar som blir godkjend i prosjektet.**

Støttenivå

Det kan løyvast inntil 20 prosent tilskot til godkjende kostnader. Øvre grense for tilskot er sett til 100 000 kroner per prosjekt.

Korleis søkje om støtte?

Drøft gjerne prosjektet med Innovasjon Norge tidleg i planlegginga og seinast før søknaden blir send til Innovasjon Norge.

Søknaden, som skal sendast elektronisk til Innovasjon Norge, fyllast ut på www.innovasjonnorge.no. Ta kontakt med landbruksetaten i kommunen for hjelp med søknaden. **Tiltaka i prosjektet skal ikkje vere starta opp før Innovasjon Norge har handsama og avgjort søknaden.**

Vedlegg

- ✓ Oversikt som syner ressursar og gjødselkapasitet, etter at prosjektet er gjennomført.
- ✓ Kostnadsoverslag frå Tine, Nortura, Norsk Landbruksrådgiving eller tilsvarende organisasjonar, leverandørar, eventuelt entreprenørar.
- ✓ Orientering om tiltak i prosjektet og materiale som skal nyttast.
- ✓ Plan-, snitt- og fasadeteikningar av bygningen i målestokk 1:100.
- ✓ Kart som viser plassering av lager <https://gardskart.nibio.no/search>.
- ✓ Byggjeløyve frå kommunen til oppføring av gjødsellager.
- ✓ Kopi av leigeavtale, dersom prosjektet er planlagt oppført på leigd areal.
- ✓ Lånetilsagn/intensjonsavtale frå bank om lån til prosjektet.
- ✓ Næringsoppgåve for førre inntektsår.
- ✓ Skattemelding til søkjar, og eventuelt til sambuar/ektefelle, førre inntektsår.

Kontaktpersonar

Vemund Aartun, Innovasjon Norge Vestland - Sogn og Fjordane
epost: vemund.aartun@innovasjonnorge.no Tlf: 992 93 696

Karsten Valland, Innovasjon Norge Vestland – Hordaland
epost: karsten.valland@innovasjonnorge.no Tlf: 916 38 299